



Notat

Dato: 09.02.2016
Arkivsak: 2015/8565-15
Saksbehandlar: birhau

Til: Fylkesordføraren

Frå: Fylkesrådmannen

Vedkommande søknad om etablering av Yrkesskolen for Bygg og Anlegg i Bergen (YBA)

I fylkesutvalet 29.01.2016 stilte representanten Silja Ekeland Bjørkly (H) spørsmål ved om vedtaket i sak 284/15 i fylkesutvalet 19.11.2015 vart gjort på feil grunnlag. Representanten viste til brev frå VBA Vestenfjeldske 18.12.2015, RS 10/16 til fylkesutvalet.

Fylkesutvalet gjorde slikt vedtak i sak 284/15:

Fylkesutvalet støttar ikkje søknaden om godkjenning. Ei godkjenning vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen. Ei slik etablering vil ha negativ verknad på dei endringane som er gjort for å sikre robuste fagmiljø og vil gje fylkeskommunen ei utfordring i formidling til læreplassar.

Fylkesrådmannen har gått gjennom alle dokumenta i saka på nytt og vurdert saksgrunnlaget opp mot innhaldet i brevet frå EBA Vestenfjeldske 18.12.2015. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at vedtaket i fylkesutvalet er fatta på feil grunnlag.

Utdanningsdirektoratet har i brev 22.01.2016 avslått søknaden om etablering av Yrkesskolen for Bygg og Anlegg i Bergen.